

# Spelemannslaget De Frilynde

**Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De Frilynde i øvingslokalet på Hebekk skole onsdag den 13. desember 2000 kl. 19.00.**

Formannen åpna møtet .

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Hans Bakken blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Formannen las opp årsmeldinga. Årsmeldinga blei godkjent. Laget sin revisor Kristoffer Frøseth har gått bort i meldingsåret.

Sak 4: Regnskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane. Rekordstore speleinntekter. Samla beholdning pr. 7/12-2000 er kr. 19.092,52. Godkjent.

Sak: 5: Innkomne saker. Det har ikkje kome inn saker til dette punktet på saklista.

Sak 6: Valg

Formann: Hans Bakken (gjenvalg for 1 år)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (gjenvalg for 2 år)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (ikkje på valg)

Revisor: Helge Slyngstad (ny)

Festkomité: Tom Simonsen (gjenvalg)

Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Jo Ragnar Finserås

Valgnemnd: Gjenvalg på Øystein Austerå (formann), John Nordum og Magnar Graav.

Hans Bakken  
formann

Nils Seland  
referent

Drøfting etter at det formelle årsmøtet var ferdig var heva:

20-års jubileum: Helge Slyngstad bestiller lokale på Folkets hus i Ski til jubileumsfest i november.

Landsfestival Melus: Egil kan ordna losji. Bør ta avgjerd om ikkje så lenge.

Vedtekter for laget: Nils foreslo at styret ser gjennom, og legg fram ev. endring av vedtektene til neste år.